# Frå påsketroll til sengeteppe

18.02.2011




Påsketroll fristar

**Den tradisjonelle utlodninga til helselaget er igang og i dag skjer loddsalet på SPAR. Det blir mange fristande gevinstar også i år og damene syner fram eit sjarmerande døme: Strikka påsketroll.**

**Men det er meir som er strikka: Hos Klara frisør kan ein beundra og la seg frista av eit strikka sengeteppe, som Sigrun Haugland har vore meister for.**




Sengeteppe ristar

Dette året skal helselaget også satsa på loddsal i storsenteret på Husnes - nærare bestemt den 4. mars. Og trekninga skjer 13. mars.
Den blir spanande og det store spørsmål er: Blir 40.000 passert i år?
(Foto: Ola Matti Mathisen)